Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 7

Fylke: Telemark

Tilleggsspørsmålnr.

Herad: Vinje

Emne: Skav

Bygdelag: Smiksklepp

Oppskr. av: Vetil Rui

Gard: Rui

(adresse): Vinjesvingen

G.nr. 70 Br.nr. 1

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

1. Noko samnamn for alt hjelpefor er ukjent her.

2. Eg har høyrt namnet skogskrap om slike forslag dei henta i skog og mark vinterdag.

3. å skava, skjer skav skavi.

4. Ja, skav har vore mykje nytta her i bygdi fyrr. Det var vistnokk helst ukna for hjelpefor, men i vårknipa var det mange som skav.

5. Alle lauvtre vart nytta. Bjørk, osp, selje, raun og hegg. Andre er her liti av. Raun og osp var gjævast.

6. Som namn på eit serleg treslag er ordet skav ukjent her.

7. Me har rimt i denne formi:
Almen gjör
og raunen för
Selja svelter
og viea velter

2816

8. Alle dyr so var som hesten fekk skav
Det var serleg på vårparten folk skov
Dyri fekk skavet „eiste" (for seg sjølv)
Ofte fekk geiti ~~gna~~ „naga" borken sjølv
ute ved buskosten.

9. Eg hev ikkje høyrt at kyrne mjølka meir
om dei fekk bork, men det vart meir rjome
og gulare smør. Nokon usmak hev eg aldri
høyrt gjeti

10. Dei gjorde nok båe delar. Både drog dei heim
ved for å skava og skov det dei drog heim
til ved. Hesjeved hev aldri vore nytta her
i bygdi. Det er fyrst etter det vart hesjetråd
i handelen at folk byrja hesje.

11. Det heitte til skogs etter skav eller hente
skavved.

12. Veden heitte skavved.

13 gjenningsordet nacka er ukjent her.

14. Det var serleg på vårparten når fôrløysa
meldte seg at folk skov. Det var skikken
å gjera serleg tungarbeid langfredag, men kva
for arbeid dei helst tok veit eg ikkje

15. Det skifte nok noko frå gard til gard, men
oftast heldt dei seg inne i stoga med skav-
ingi.

16. Eg hev aldri høyrt at dei nytta nokon
serlage kniv til skavingi. Dei nytta vanleg

2816

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

sliretkniv – eller tjåbrotkniv. Det var mange som gjekk med tjåbrotkniv i slire og nytta han som vanleg slirekniv i anna arbeid og.

17. Veden vart kappa, og dersom det var grov ved vart han kløyvd. So sat dei med skavveden i ei hand og kniven i den andre. Noko slag stolpar eller krakkar eller hol er ukjent for meg, som tjeldar til slikt arbeid

18. Skavkalen er ukjent

19 Sjå 17.

20. Veden ein skjer kallar skavved.

21. Det kallar ~~skat~~ skav eller bork. Noko namn på dei små borkebitane kjenner eg ikkje.

22. Dei skav både små og store tre, når dei ikkje, som ospi, hev so hard bork at dyri ikkje et han.

23. Eg kjenner ikkje til noko sers namn på dei skavne kjeppane.

24. Skavet skulde vera tunt og fint. Helst skulde noko tre vera med. Ein skulde skava „til tredjungs i treet" var ei lærme dei hadde. Det var stor skilnad på folk til å vera flinke til å skava.

25. Eg kjenner ikkje til at den skavne

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING
2816

viden vart nytta til noko ans. Til bakste-
ved skal det vera turrgran.

26. Det vart slutt med skoving her i
bygdi for 20-25 år sidan. Og då var det
berre enkelte ~~gardar~~ år og på sume gardar
dei skov. Det var berre til naudhjelp
i vårknipa



NORSK ETNOLOGISK GRANSKING